



RETNINGSLINER

FOR

UTLEIGE

AV

KOMMUNALE BYGG



RETNINGSLINER FOR UMLEIGE AV KOMMUNALE BYGG

1. Målsetting

Samnanger kommune leiger ut kommunale lokale hovudsakleg til lag og organisasjonar. Private kan og få leiga i samband med arrangement til positive føremål. Lag og organisasjonar heimehøyrande i kommunen får disponere lokala vederlagsfritt, dersom utleiga ikkje fører til meirutgifter på reinhald for utleigar.

2. Utleigeobjekt og søknad

Kommunale lokale er avgrensa til i første omgang å gjelde skular, barnehagar, biblioteket, daglegstova på Samnangerheimen og kommunehuset. Når det gjeld utleige av idrettsanlegget til idrettslaget, vert det vist til eigen avtale. Det skal søkjast om leige av lokale til den einingsleiar som har ansvar for bygget eller til servicesenteret for utleige av lokale på kommunehuset.

Einingsleiar/servicesenteret er ansvarleg for utleige og kommunen sine aktivitetar har 1. prioritert.

Søknadsfrist for faste aktivitetar på skulane er medio september, og vert kunngjort i lokalavisa.

3. Lag og organisasjonar som leigetakar

3.1 Leige av gymsal

Aktivitetar i gymsal knytt til aldersgruppa 0-13 år skal primært leggjast til barnehagen/barneskulen. Eldre årssteg skal primært disponera gymsal på ungdomsskulen. Ved ledig kapasitet kan eininga tildela andre leige. Det skal ikkje vere aktivitet i gymsal etter kl. 22.00. Det vert ikkje høve til vederlagsfri aktivitet dei dagar skulen ikkje er i drift. (jule-, vinter-, påske-, sommar- og haustferie).

3.2 Leige av kjøkken, fellesrom og gymsal/barnehage eller kommunehuset

Lag og organisasjonar som skal disponera kjøkken eller gjennomføra større arrangement med servering i fellesrom ved barneskulen, barnehage, institusjonar/bufellesskap, gym-, eller kommunestyresal, har ansvar for ekstra reinhald.

Laga kan anten vaske sjølv eller betale for denne tenesta, jfr kommunale avgifter. Eininga utarbeider liste over kva reinhald det vert gjort avtale om. Arrangement i barnehagen eller skulen sin regi skal prioriterast (inkl. arrangement i regi av klassekontaktar, FAU, m.m.).

3.3 Leige av sentralidrettsanlegg

Lag i, eller utanfor kommunen, som skal nytta seg av sentralidrettsanlegget, søker kultureininga om leige. Det same gjeld for kjøp av reklameplass på anlegget. Idrettslaget har avtale med teknisk eining om drift og vedlikehald av anlegget.

4. Private leigetakarar

Private kan leiga kommunale lokale til positive føremål. Det er ikkje høve til å nytta alkohol på skulane eller i barnehagane. Det er ikkje høve til å røykja på offentleg stad. (sjå link: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/tobakk-royk-og-snus/roykeloven-regler-om-roykeforbud#roykfrieinngangspartier>)

Private næringsdrivande som søker leiga av lokale til faste aktivitetar, får avtale for $\frac{1}{2}$ år om gongen.

Fellesrommet og kjøkken ved Samnanger barneskule kan verte leigt ut etter følgjande reglar:

1. Arrangement i skulen sin regi skal prioriterast (inkl. arrangement i regi av klassekontaktar, FAU, m.m.).
2. Det er ikkje høve til å leiga aktuelle lokale til ordinære gebursdagsfeiringar, klassefestar o.l.
3. Ved leige av kjøkken må ein setja seg inn i retningsliner for bruk av utstyr, o.l..
4. Leigetakar må vera kjent med brannalarmsystemet.
5. Arrangement som ikkje kjem inn under dette kan verte vurdert etter eigen søknad.

5. Felles for leigetakarar

Eininga skal inngå skriftleg avtale med leigetakar om leigar sitt ansvar før utlevering av nøklar.

Ansvarleg leigetakar skal gjera seg kjent med og kunna bruka brannmeldeanlegg i dei respektive bygga.

Leigetakar skal snarast råd melda frå om skadar som er påført utleigeobjektet. Dersom utleigar oppdagar feil, skade eller mangelfullt reinhald, vert det sendt rekning.

Leigetakar er ansvarleg for at ordensreglar vert følgde. Brot på dette kan føra til at einingsleiar stoppar utleiga straks.

6. Prisar for utleige

Satsar for utleige i kommunale bygg vert vedteke og regulert kvart år i kommunalt taksthefte.

Vedlegg:

OVERSIKT KOMMUNALE UMLEIGE BYGG

Det skal søkjast om leige av lokale til den einingsleiar som har ansvar for bygget. Søknadsfrist for faste aktivitetar er medio september, og vert kunngjort i lokalavisa. Fellestenesta utarbeidar felles annonse. Utgiftene vert fordelt på einingane.

Leige av gymsal - ansvar Rektor / einingsleiar barnehagen

Samnanger barneskule
Samnanger ungdomsskule
Vassloppa barnehage

Leige av fellesrom og kjøkken - ansvar Rektor

Samnanger barneskule

Leige kommunehuset - ansvar: Servicesenteret

Utleige av kjøkken og sal.

Leige av kulturanlegg - ansvar: Kultursjef

Sentralidrettsanlegget i Hagabotnane,
Stolpane skulehus

Leige av fellesrom/andre rom og kjøkken barnehage - ansvar: einingsleiar barnehage

Dråpeslottet barnehage
Vassloppa barnehage

Felles

Eininga skal inngå skriftleg avtale med leigetakar om leigar sitt ansvar og utlevering av nøklar. Før leigetakar får ta bygget i bruk skal den vera kjent med og kunne bruka brannmeldeanlegg.

Søknadsfrist for faste aktivitetar er medio september, og vert kunngjort i lokalavisa og på kommunen si heimeside.